

Uttale til NOU 2023:3 Mer av alt raskere

DNT viser til utlyst høyring og vil med dette presentere våre refleksjonar og innspel knytt til Energikommisjonen sin rapport.

Først og fremst vil vi uttrykke ein sterk uro for det verdivalet som blir presentert i rapportens tittel – *mer av alt raskere*. DNT meiner dette er eit særst uheldig og nær parodisk styringsmål for energiforbruket og samfunnsutviklinga i Noreg sett i lys av klima- og naturkrise og våre forpliktingar til naturavtalen om å stanse og reversere tapet av natur.

DNT sitt mandat for å engasjere seg i energipolitikk er forankra i vår føremålsparagraf: *DNT skal arbeide for et enkelt, aktivt, allsidig og naturvennlig friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.*

Vi er i ferd med å bygga ned dei siste restane av urørt natur i Norge. For 100 år sidan var om lag halvparten av landarealet i Norge definert som villmarkspreget natur. No er det berre om lag 11 prosent igjen, og nedbygging og fragmentering av natur fortsett i eit høgt tempo. Ifølgje Miljødirektoratet er utbygging av energianlegg og vegar blant hovudårsakene til nedgangen av inngrepsfri natur i Noreg. To tredelar av norske vassdrag er allereie råka av kraftutbygging, og vindkraftanlegg har allereie lagt beslag på store areal. Rundt 40 prosent av planområda for vindkraftanlegg som er bygd eller gjeve konsesjon har vore inngrepsfri natur.

Vi står no ved eit vegskilje. Noreg og 192 andre land har nyleg blitt einige om ein ny naturavtale. Innan 2030 skal vi verne og bevare 30 prosent av hav- og landområde, og vi skal restaurere 30 prosent av øydelagt natur.

Naturen er sjølv livsgrunnlaget vårt. Den gjev oss reint vatn, rein luft, mat, medisinar, materialar og fysisk og psykisk god helse. I tillegg beskyttar intakt natur mot ras, flaum og tørke. Dette er berre nokre av godane naturen gjev oss.

Naturen er også verdens beste klimatiltak fordi den fangar og lagrar over halvparten av all karbon vi menneske slepp ut. Naturleg karbonlagring – i fjellnatur, skog, myr, åker og eng – er vårt viktigaste verktøy for å redusere innhaldet av klimagassar i atmosfæra.

Natur er også økonomi. Om vi skulle betalt for det naturen gjer for oss - for eksempel stoppe flaum, pollinere og reinse vatn - hadde det kosta oss over 125 tusen milliardar dollar i året. Det svarar til 125 gonger oljefondet årleg!

Den energipolitikken som blir lagt til grunn i NOU'en er på direkte kollisjonskurs med naturavtalen, og vil leie oss inn i større problem i framtida. DNT anerkjenner at verden treng mindre fossil og meir grøn energi. Men vi er nøydd til å tenke annleis enn meir av alt raskare.

DNT har fem hovudbodskap til regjeringa:

1. Prognosane for det framtidige kraftbehovet er overdrivne og svært usikre – vi kan ikkje drive hastverksutbygging for å imøtekome desse anslaga.
2. Vi må bruke mindre energi i framtida, og intensivere satsinga på sparing og effektivisering.
3. Vi må snarast utgreie og implementere gode metodar for å prioritere blant tilknytingsprosjekt.
4. Naturen må få eit betre rettsvern – energilova må reviderast.
5. Energien som byggast ut må vere naturvenleg, og lokalisert på naturens premisser.

Ansvarlege prognoser

Innanfor klimaforskinga så har det vore nytta eit sett med prognosar som mange kjenner godt – RCP som viser til konsentrasjon av drivhusgassar i atmosfæren (IPCC, 2014). Den grimmaste klimaframskrivinga var RCP 8,5 også kalla «business as usual», eller «worst case scenario». Det har vist seg at denne framskrivinga var feilaktig grunna overestimering av verdas kolforbruk og er no erstatta av RCP 7. Samtidig er det brei internasjonal einigheit om at storsamfunnet må jobbe for å nå dei lågare prognosane for å unngå dei alvorlegaste konsekvensane av klimaendringane.

Dei prognosane som vert lagt til grunn for framtidige energibehov i Noreg minner om dette – altså «business as usual» - «alle skal få». Fleirtalet i energikommisjonen ser ikkje ut til å ha tatt inn over seg viktigheita av å tilpasse energiforbruket til naturens toleevne. Poenget er både at prognosane er usikre og sårbare for samfunnsendringar, og at det er vår generasjons plikt å streve for å etterkome dei prognosane som gjev minst skade for framtidige generasjonar.

Årets vinnar av Holbergprisen Joan Martinez-Alier meiner at samfunnets mål om stadig økonomisk vekst er drivaren bak konfliktar og interessemotsetningar mellom klimaomstilling og naturkrisa. Slik som energikommisjonen leggjer opp til å ofre natur for å bygge ut fornybar kraft. Men tradisjonell økonomisk vekst føreset auka bruk av ressursar, energi og natur, og Martinez-Alier og hans fagmiljø leggjer til grunn at økosystemet set grenser for korleis økonomien kan utvikle seg, og at utvikling ut over desse grensene ikkje er berekraftig. Med andre ord - vi kan ikkje ofre naturen for å redde klimaet. DNT etterspør derfor meir ansvarlege prognosar og betre styringsverktøy for å oppretthalde velferdssamfunnet utan energiforbruk som går på kostnad av naturen.

Sparing og effektivisering

DNT stiller altså spørsmål ved det framskrivne energibehovet. Vi meiner at samfunnet i større grad må tilpasse seg eit langt lågare energiforbruk i framtida enn skissert.

Energikommisjonen har også lagt frem ein rekke forslag som DNT støtter. Mellom anna at det bør leggst stor vekt på energieffektivisering og at det skal utarbeidast ein plan for energieffektivisering. Ein slik plan er avgjerande for å få til ein styrt og heilskapleg effektivisering i hele landet, på tvers av sektorar og myndigheiter.

DNT etterspør fleire ordningar for å satse på energieffektivisering i alle bygg, særleg offentlege bygg, og i industrien. Regjeringa sitt framlegg til utnytting av spillvarme og krav om energieffektivisering i Prop. 100 L (2022-2023) er eit skritt i riktig retning, men DNT meiner at kraftigare tiltak må til for å utnytte potensialet i energieffektivisering fullt ut. Dette krev ny politikk med konkrete krav og vilkår for gjennomføring.

I tillegg må vi utnytte potensialet i eksisterande energianlegg fullt ut før utbygging av nye anlegg. Som opprusting, modernisering og eventuelt fortetting av eksisterande kraftanlegg for å auke kraftutbyttet, samt opprusting og betre utnytting av eksisterande kraftlinjer for å minimere krafttap, med meir. Dette må leggst til grunn i energipolitikken, revisjon av energilova, og eventuelt nye statlege forventningar til energiutbygging.

Prioritering og tilknytingsvilkår

Energikommisjonen presenterer at vi kan komme til å stå ovanfor tre alternativ, eller tre ulike strategiar i snarleg framtid om behovsprognosane slår til og vi ikkje har klart å skaffe til veie nok ny kraft.

Vi meiner desse alternativa utgjør viktige verdivar, og i tillegg til å vere eit intensiv til å satse skikkeleg på effektivisering og sparing, er dette ein moglegheit til å styre samfunnet i ein meir

berekraftig og naturvenleg energibruk. Det er ikkje all såkalla grøn industri som er berekraftig og vi meiner samfunnet må våge å prioritere mellom kraftkrevjande næringar, og om naudsynt utsette enkelte større elektrifiseringsprosjekt.

Tilknytingsplikta er i så måte eit godt styringsverktøy – og vi foreslår igjen å innføre objektive krav eller berekraftsvilkår for prioritering av kva prosjekt som bør få tildelt straum. Dette krev vurderingar av kva kraftkrevjande industri som gjev mest tilbake til samfunnet i form av verdiskaping og sysselsetting utan å gå på kostnad av naturen. Kriteria må ta omsyn til mellom anna arealbruk, naturmangfald, miljøpåverknad, klimagassutslepp, lokal forankring og ringverknader.

I Noreg har vi vore vant til å kunne tilby billig kraft til alle næringar som ynskjer det. No står valet mellom å prioritere kva vi skal bruke krafta vår til, eller ein massiv nedbygging av norsk natur

Naturen må få eit betre rettsvern

Revisjon av energilova

DNT meiner at ein revisjon av energilova vil bidra til betre prosessar og meir tillit til systemet. Energilova er opphavleg tiltenkt som eit styringsverktøy for drift og tilsyn av elektriske anlegg og distribuering av energi. Lova er ikkje ført i pennen for å forvalte areal. Likevel ligg lova til grunn for energianlegg som beslaglegg store naturområde i Noreg og grip inn i mange kommunar og grunneigarar sin arealdisponering. Dette er krevjande og tidvis konfliktfylt, dels grunna mangel på sakshandsamingsreglar og retningslinjer for medverknad, og dels grunna svak vektning av natur kontra andre samfunnsinteresser.

Det er derfor på høg tid energilova vert oppdatert og styrka med prosesskrav og skrankar for naturinngrep.

Her under må det innførast skrankar og kriterium for lokalisering og naturinngrep, og uakseptable konsekvensar må spesifiserast og forankrast juridisk.

Forslag til vurderingskriterium for lokalisering og tidleg avslag:

- Store samanhengande naturområde med urørt preg
- Nasjonalt og regionalt viktige friluftslivsområder
- Landskap av nasjonal og vesentleg regional interesse
- Område i randsona til verneområde
- Område med over 20 % myr eller andre viktige naturtypar
- Villreinområde
- Område der raudlisteartar blir skadelidande av energianlegg
- Område med konsentrert fugletrekk, samt viktige hekkeområde
- Viktige område for samisk reindrift og kultur

Revisjon av oreigningslova – det må blir slutt på førehandstiltreding

Fosen-saka har bidrege til å setje søkelys på ein del av lovverket som DNT meiner medverkar til å skape uryddige prosessar, eskalert konflikt, og i nokre tilfelle uboteleg skade på viktige natur- og kulturområde. Oreigningslova er i litan grad tilpassa dagens store arealsaker, komplekse sektorlovverk og internasjonale forpliktingar. Særleg moglegheita til førehandstiltreding er i direkte konflikt med andre vesentlege rettigheter og omsyn. Reindriftslovutvalget (2023) føreslær mellom anna eit nytt andre ledd i oreigningslova § 25, som inneber at det ikkje skal være mogleg å gje samtykke til at inngrep kan utførast før lovlegheita av inngrepet er endeleg avgjort i saker der det er grunn til å anta at inngrep kan vere rettsstridig. DNT vil sterkt oppmode Regjeringa om ta Reindriftslovutvalet sitt forslag til endringar i oreigningslova til etterretning og iverksettje revisjon av lova.

Naturvenleg lokalisering

Ny energiutbygging må ha som grunnleggande prinsipp at vi skal ha minst mogleg naturinngrep og miljøbelastning per produserte kWh. I tillegg til å satse skikkeleg på sparing og effektivisering, og eit betre rettsvern for naturen, er naturvenleg lokalisering av fornybarproduksjonen vesentleg for å oppnå meir naturvenleg energi.

DNT synes det er interessant å sjå at kommisjonen framhevar nærvind og fornybarutbygging i allereie utbygde eller industrialiserte områder. Slik skånsom lokalisering vil kunne skjerme sårbar natur og viktige friluftslivsområder frå uopprettelege inngrep, og representerer konkrete løysingar på korleis ulike samfunnsomsyn kan ivaretakast (både klima og natur). Energipolitikken i framtida må ikkje baserast på maksimere vindkraftproduksjonen raskast mogleg, men må handle om å finne innovative løysingar og lokaliseringar som kan bidra til å forene fleire omsyn og nasjonale mål. Samtidig vil vi understreke at også nedskalert utbygging langs motorvegar eller på industriområde kan komme i konflikt med naturmangfold, og at ein alltid må etterstrebe å minimere skadeverknadene. For å oppnå dette trengs det eit betre regelverk med skrankar for naturinngrep som nemnt over.

DNT vil framheve at vi må unngå lokalisering av kraftanlegg og overføringslinjer i sårbar natur og viktige friluftslivsområde, og i mykje større grad ta i bruk grå areal til kraftproduksjon, det vil sei areal som allereie er forringa av bygge – og anleggsføremål. I tillegg må ein alltid iverksette moglege omsyn og avbøtande tiltak for å ivareta sårbar natur og viktige friluftslivsområde. Også ved redusert profit/økt kostnad for utbyggar. Som, men ikkje uttømmende: redusere skala på prosjekta, vurdere sjø og jordkabel i staden for luftlinje, anstendig minsteavstand, radarovervaking/automatisk stenging av anlegg, differensiert driftstid med meir. Jo meir fornybar energi vi bygger ut, jo viktigare er det å ta omsyn til sårbar natur og viktige friluftslivsområder.

Nærenergireform – fornybarproduksjon må skje på grå areal

DNT støtter langt på veg eit nyleg representantforslag om nærenergireform. Vi meiner det i det minste bør utgreiast kva potensialet for energiproduksjon i grå areal er, og kva verkemiddel som må til. Her under:

- Utgreie mål og verkemiddel for å fremje utbygging av produksjon av fornybar kraft i næringsareal, langs motorvegar og i andre nedbygde areal.
- Gjennomgå og fjerne regulatoriske hindre for energiproduksjon på næringsareal og andre nedbygde areal.

Men også energiproduksjon i grå areal må skje på naturens premisser – derfor er vi varsame med å tilrå nye tersklar for konsesjonskrav. Det må i så fall først utgreiast korleis ein forenkla prosess vil påverke kartlegging og avdekking av konsekvensar for natur- og friluftslivsverdiar.

Med helsing

Per Hanasand
Styreleder
Den Norske Turistforening

Siren Juliussen
Rådgjevar, naturforvaltning
Den Norske Turistforening

Dag Terje Klarp Solvang
Generalsekretær
Den Norske Turistforening